



Se mottakertabell

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	18/00916-1	Ingunn Welle, Ingunn.Welle@hivolda.no	07.09.2018

Budsjett 2019

Investeringsmidlar 2019

I samsvar med den vedtekte interne budsjettmodellen vår, vil deler av løyvinga verte sett av til investeringsmidlar for 2019. Endeleg sum til fordeling vil først vere klar etter styremøtet i desember.

Framlegg til investeringar for 2019 skal sendast til underteikna innan 15. november 2018. Framlegga må prioriterast på ei liste. Alle avdelingane, funksjonsansvarlege på fellesnivået og Læringsmiljøutvalet vert bedne om å kome med framlegg i tillegg til Studentsamskipnaden i Volda (kantine) og Studentparlamentet når det gjeld nødvendige investeringar.

Infrastrukturkostnader HVO som nemnt under skal gå gjennom IT og drift, og behov må meldast til desse kontora.

- utstyr standard undervisningsrom og felles møterom (møblar, AV-utstyr, datautstyr)
- standard PC-ar og standard kontorinnredning
- møblar til fellesareal elles
- bygningsmessige ombyggingar og investeringar utanom spesialrom
- infrastruktur nettverk inklusive risikoforebygging mm
- tilgangskontroll / tryggleikstiltak / universell utforming

Investeringsmidlane skal gå til investeringar etter rekneskapslova. Det betyr at anleggsmiddelet skal ha ein innkjøpskostnad på minimum kr 30 000 kvar og ei levetid på minimum 3 år. Kjøp av anleggsmidlar med lågare pris eller kortare levetid er ikkje definerte som investeringar og skal kostnadsførast. Unntaket er PC'ar som vert poolregistrerte. Sjå elles informasjon i Økonomihandboka.

Søknad om investeringsmidlar for 2019 skal sendast gjennom sak 18/00916 i P360 innan 15. november 2018.

Om Studentparlamentet ønsker å gi innspel til andre budsjettpostar ber vi om at dette vert gjort gjennom representantar i Læringsmiljøutvalet (LMU) innan 10. oktober.

Med helsing
Høgskulen i Volda

Karen Lomeland Jacobsen
Høgskuledirektør

Ingunn Welle
Økonomidirektør

Dokumentet er elektronisk signert.

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Studentsamskipnaden i Volda		Boks 278	6101 VOLDA
Studentttinget i Volda	Kristine Voldnes Langdal	Postboks 500	6101 VOLDA